

Stadutvikling og aktivt kulturminnevern:

ELDSJELER MED STOR DUGNADSKRAFT

TEMA



Heilt sidan Storfjordens Venner starta kulturarbeidet langs Storfjorden i 1975, har vi nytta ei blanding av dugnad og profesjonell arbeidskraft. Frå første dag har dugnadsarbeidet vore hjartet i organisasjonen.

Av
Asgeir Kvernberg
Foto: Privat



Fødd 1952, formingslærer ved Skarbø skule. Eig og vedlikeheld den veglause garden Sandvika som vart fråflytta på 80-talet. Dugnadsarbeid på Ytste-Skotet sidan 1997, med ansvar for gjenoppbygging av fleire grindbygg på garden. Styremedlem i Storfjordens Venner sidan 2005 og leiar sidan 2007.

Are Homlong



Var med på å starte Storfjordens Venner i 1975, med tillitsverv i alle år. Medlem og sekretær i prosjektgruppa som står for tilrettelegging, finansiering, gjennomføring av restaurerings- og vedlikehaldsprosjekt. Heidermedlem i Storfjordens Venner. Kåra til Møre og Romsdals eldsjel i Kulturminneåret 2009.



Dugnadsgruppe legg nytt torvtak på rekonstruert grindløe, Stokkeløa på Ytste-Skotet. Under torva er lagt minst sju lag med never. På taket står fagleg leiar Arild Bjarkø frå Sunnmøre Museum, vidare Nikolai Moltu Steger, Jan Håkon Vikane og Roger Furset

← Ytste-Skotet, med utsikt over Storfjorden til Dyrkorn

STORE OPPGÅVER er utført og mange årsverk er lagt ned. Mange av dagleglivets kulturminne er tatt vare på for framtida. Store delar av terrenget vårt er vanskeleg tilgjengelege, men rike på kulturminne – som til dømes veglause gardar fleire hundre meter over fjorden. På 70-talet kom ein ny generasjon inn i samfunnsstyringa, næringslivet og kulturlivet. Den nye generasjonen såg verdien av det våre besteforeldre og foreldre hadde skapt. Samfunnsfundamentet for ein organisasjon som Storfjordens Venner var dermed på plass.

ORD SOM KULTURVERN OG KULTURLANDSKAP dukka opp. Vi såg



Ytste-Skotet der Storfjordens Venner og Sunnmøre Museum driv kulturformidling til barn og unge. Garden er tildelt Olavsrosa



Folksamnt på den fråflytta garden Kvennhusneset i Tafjorden. Storfjordens Venner arrangerer kvart år i juni Storfjordstemne på ein av dei fråflytta gardane ved Storfjorden



Runar Lunde i dugnadsgruppa på Ytste-Skotet

både nytten og venleiken i kulturlandskapet i dalen, ved fjorden, på sætra og på øyane. Den urørte naturen var i ferd med å få ein medspelar – kulturlandskapet. Dette gir mange ulike arbeidsoppgåver: Naust, kai, sjøveg, sti, bustadhus, løe, brønnhus, utmarksløe, sæterhus. Skogrydding, grøfing, stell av kulturlandskap.

Vi har alltid hatt ein dyktig stab av dugnadsfolk som engasjerer seg i vedlikehald av bygningar, stiar eller kulturlandskap. Vi har eit godt samspel mellom grunneigar, organisasjon, kulturavdelinga på fylket og dugnadsgruppe. Organisasjonen koordinerer samarbeidet med grunneigar og fylke, og gjer styrevedtak på arbeidsoppgåver for dugnadsgruppene. Kvar gruppe har knytt til seg ein fagansvarleg, som også deltek på dugnad. Dei fleste initiativ kjem frå grunneigarar som vil ha hjelp til å ta vare på eit kulturminne.

DEI SEINARE ÅR har organisasjonen saman med grunneigarane lagt ned eit stort arbeid og betydelege beløp på Me-Åkense, Ytste-Skotet, Blomberg, Homlongsætra og Skageflå. Norsk Kulturminnefond, Riksantikvaren, Møre og Romsdal fylke, Norsk Kulturarv, privatpersonar og lokale bankar har gitt store beløp til dei ulike prosjekta. Grunneigar legg ned ein betydeleg innsats i form av dugnadsarbeid.

Etterkvart som vølingsprosjekta vart større, vedtok styret å setje ned ei prosjektgruppe som har ansvaret for planlegging og gjennomføring av dei ulike prosjekt etter at styret har gjort formelt vedtak.

I 1989 gav eigaren av Ytste-Skotet heile garden, frå fjord til fjell, til Storfjordens Venner. Alle husa på garden var meir eller mindre i forfall. Grunneigaren håpa at vi skulle ta vare på stovehuset. Med mottoet "Vern vår arv" starta arbeidet. I dag er 15 hus bygd opp att eller restaurert. Ny kai er bygd, og sjøvegen opp til tunet, 250 moh, er restaurert. Kvart år går meir enn 3000 personar vegen opp til garden. Sunnmøre Museum og stiftinga Ytste Skotet driv garden som museumsgard med barn og unge som målgruppe. Stor dugnadsinnsats blir lagt ned i dette arbeidet. Frivillige er vertskap i helgene, kårkallen arbeider med formidling og forefallande arbeid heile sesongen. I tillegg driv Storfjordens Venner to dugnadsgrupper på Ytste-Skotet. Ei gruppe arbeider med vedlikehald og gjenbygg, og ei gruppe med kulturlandskap. Ytste-Skotet er etter kvart blitt ein levande museumsgard med variert aktivitet og godt vedlikehaldne bygningar. Dugnadsgruppene har tre helgesamlingar kvart år. Då er det vertskap på garden som legg til rette for dugnadsfolka. Det er klagjort

STORFJORDENS VENNER

vart stifta 12.06.1975 etter initiativ av Karl Mjelva. Raskt forfall øydela bygningane på dei fråflytta fjordgardane. Desse kulturminna frå ein levemåte som var vekk, og måtte takast vare på. Storfjordens Venner driv i dag restaureringsarbeid gjennom dugnad og profesjonelle handverkarar langs heile Storfjorden. Kvaliteten på arbeidet har gitt foreininga stor nasjonal respekt. Foreininga eig garden Ytste-Skotet. Organisasjonen som starta med ein liten gjeng dugnadsviljuge ungdommar, er i dag ein aktør i kulturminnearbeidet som blir lagt merke til også på nasjonalt nivå, og som nyt respekt hos antikvariske styresmakter, både lokalt og nasjonalt. Det har blitt sagt at verne- og vølingsarbeidet til Storfjorden Venner var ein sterkt medvirkande faktor til at UNESCO vedtok verdsarvstatus for området.

YTSTE-SKOTET Garden ligg 250 meter over fjorden. Tilkomst på sti over fjellet frå Sykkylven eller med båt frå Stordal. Ytste-Skotet er tildelt Olavsrosa, og har i dag 15 restaurerte hus. Sunnmøre Museum og stiftinga Ytste-Skotet brukar garden til kulturformidling til barn og unge. To dugnadsgrupper held bygningar og kulturlandskap ved like. Kvar sommar er det slåttedugnad på garden. Om lag 3000 besøkande kvart år.

DUGNADSRBEID har vore hjartet i organisasjonen i 36 år. Alle dugnadsoppgåver går gjennom styret. Kvar dugnadsgruppe har ein leiar. Dugnadsfolka får alltid godt stell og god mat. Tre samlingar kvart år. Interessante oppgåver og godt resultat er viktig motivasjon. Rapport med tekst og bilde frå kvar samling. I dag er om lag 25 personar knytta til regelmessig dugnadsarbeid.

www.storfjordens-venner.no
www.skotet.no
www.olavsrosa.no/objektinfo.aspx?id=26806

sengeplass og vertskapet lagar gode måltid kvar dag. God mat er limet i dugnadsgruppene. Ei dugnadshelg på Ytste-Skotet skal vere ei positiv oppleving med godt stell, godt miljø og interessante arbeidsoppgåver. Kulturvern er ei felles interesse. Det er viktig at tidsbruken er avgrensa, og datoane er kjende for deltakarane i god tid før sesongstart. Tre helger i året er høveleg. Etter kvar dugnadshelg sender dugnadsleiar ut rapport med tekst og bilde frå helga.

TIDLEG I JUNI kvart år arrangerer Storfjordens Venner stemne på ein av dei fråflytta fjordgardane. Storfjordstemnet gir folk høve til å besøke gardar som elles er vanskelege å kome til. Interesse er stor, opptil tusen personar deltek på stemnet. Formidling av lokalhistorie frå området og garden er sentralt. Det er alltid sal av rømmegraut og utlodding. Storfjordstemnet 2009 blir på Haugsetsætra i Geiranger søndag 7. juni.